



Museum Vest

Dato: 18.09.2015

Vår ref.: 2015/2151-71

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

Museum Vest Norges Fiskerimuseum - fordeling av tilskot til kulturbrygg med regionale funksjonar

Vi har motteke dykkar søknad datert 30. april 2015. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsame søknaden den 20.08.2015 (sak 125/15). **Søknaden fekk diverre avslag.**

Ved tildelinga for 2015 var det kr 5 779 000,- til fordeling. Det kom inn 11 søknadar innan fristen. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Kultur- og ressursutvalet hadde fyljande innstilling:

«Fiskerimuseet fekk tildelt kr 4 000 000,- i 2013 og kr 2 000 000,- i 2014. Fylkesrådmann tilrår ikkje å støtte prosjektet vidare»

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker.
Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket.

Vedtaket kan pålagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til statlege spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbrygg. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
Leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.